

# EG BLIR GLAD NÅR ...

- ... NOKON SMILER TIL MEG.
- ... NOKON VISER TOMMELEN OPP TIL MEG.
- ... NOKON SEIER "BRA JOBBA!" NÅR EG FÅR TIL NOKO.
- ... NOKON GIR MEG ROS NÅR EG HAR JOBBA BRA.
- ... NOKON GIR MEG NOKO DEI HAR LAGA.
- ... NOKON BLIR GLAD FOR NOKO DEI FÅR AV MEG.
- ... ANDRE SEIER NOKO FINT OM DEI SOM IKKJE ER DER = *FRAMSNAKKING*.
- ... NOKON SPØR OM EG VIL VERE MED PÅ DET DEI GJER VISS EG ER ÅLEINE.
- ... NOKON HJELPER MEG NÅR EG TRENG DET.
- ... NOKON TRØYSTER MEG VISS EG HAR SLÅTT MEG.
- ... NOKON FORSVARER MEG VISS ANDRE ER IMOT MEG.
- ... DEI ANDRE TEK OMSYN TIL AT EG ER MEG (OG AT ME IKKJE ER LIKE).
- ... DEI ANDRE TULLAR MED MEG PÅ EIN MÅTE SOM EG FORSTÅR.
- ... DEI ANDRE HØYRER ETTER NÅR EG SEIER NOKO.
- ... EG FÅR PRATE LIKE MYKJE SOM DEI ANDRE UTAN Å BLI AVBROTEN

(UANSETT OM DET ER VAKSNE DER ELLER IKKJE).

# EG KAN BLI LEI MEG VISS ...

- ... NOKON KALLAR MEG STYGGE TING.
- ... ANDRE ELEVAR PRØVER Å OPPDRA MEG.
- ... NOKON SUKKER OG STØNNER TIL DET EG SEIER.
- ... ANDRE RETTAR PÅ MEG PÅ EIN SÅRANDE MÅTE.
- ... NOKON AVBRYT MEG MENS EG FORTEL NOKO.
- ... NOKON LER NÅR EG HAR SLÅTT MEG.
- ... EG TRUR ANDRE HAR BAKSNAKKA MEG.
- ... NOKON VISER AT DEI ER IRRITERT PÅ MEG.
- ... NOKON VISER AT DEI IKKJE VIL HA MEG MED  
(IKKJE SER PÅ MEG NÅR EG KJEM, SNUR SEG VEKK,  
KVISKRAR OM NOKO IKKJE ALLE FÅR HØYRE ...)
- ... NOKON ER SURE PÅ MEG UTAN AT EG SKJØNNER KVIFOR.
- ... NOKON SEIER NOKO SÅRANDE.
- ... INGEN HJELPER MEG NÅR EG TRENG DET.
- ... ANDRE HAR NEGATIVT KROPPSSPRÅK MOT MEG  
(VISER FINGER, VISER LOSER-TEIKN, GEIPAR, HIMLAR MED  
AUGA, SLÅR SEG TIL PANNA, SER VEKK NÅR EG PRATAR ...)

# EG KAN BLI IRRITERT VISS ...

- ... ANDRE IKKJE FØLGJER REGLANE ME ER EINIGE OM  
(BRÅKER, AVBRYT, IKKJE REKK OPP HANDA, TEK TINGA MINE, IKKJE  
FØLGJER MED NÅR ANDRE ELEVAR ELLER LÆRAREN PRATAR ...).
- ... ANDRE MASAR PÅ MEG.
- ... ANDRE ELEVAR PRØVER Å OPPDRA MEG.

EG VIL PRØVE Å GJERE ANDRE PÅ SKULEN GLADE!